

Saksprotokoll i administrasjonsutvalet - 15.11.2018

I samband med møtedato for møte i administrasjonsutvalet den 14.11.2019, sette Pål Kårbø (KrF) fram forslag om å endre møtedatoen til den 13.11.2019. Dette fordi det var møte i Vestlandsrådet same dag. Forslaget vart samrøystes vedteke.

Konstituert fylkesrådmann Ingrid Kristine Holm Svendsen gjorde administrasjonsutvalet merksam på tilrådinga frå Statens strålevern. Statens strålevern, Statens legemiddelverk og Folkehelseinstituttet har gått ut med informasjon til alle kommunar om innkjøp av jodtablettar som beredskap ved atomuhell. Fylkesrådmannen tilrår at det vert kjøpt inn jodtablettar til elevar i dei vidaregåande skulane og til tilsette under 40 år. Kostnaden er estimert til i underkant av kr. 100.000,-. Hordaland fylkeskommunen vil dekkje denne kostanden.